

Så kom kakelinna, eller?**07.02.2010****Så kom endeleg kakelinna, med kram snø, sildrande vatn frå tak og dammar i vegane.****Eller er det kanskje ikkje kakelinna likevel?**

Det står å lesa i leksikale verk at kakelinna kjem noko tidlegare på vinteren.

Det som nokre stader også blir kalt lefsetøvær eller lefsetøyra blir brukt om ein mildversperiode som gjerne kjem i desember, like før jul. Og kvifor det? Jo, fordi kakelinna gjennom folketradisjonen er tett knytta opp mot Tomasmesse, som er 21. desember.

Og kvifor heiter det kakelinna? Jo, fordi det i tidlegare tider vart hevda at kakelinna kom av all bakinga. Det var alle omnane som utløyste mildveret! Men dette er folketro som er forlatt, står det å lesa. Vi kan i alle fall vera einige om at det er eit mildver no, med opptil 5 pluss i Uskedalen.

Men kanskje har du andre opplysningar om kakelinna?

Av Ola Matti Mathisen

